

Stopp planane om å ta natur rundt Storehesten og øydelegge Selsvatnet

Til: Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Saksnummer: 202205918 Registreringsnummer: 8815

Dato: 16. november 2025, Vassenden i Jølster

Sak: Søknad om regulering med kraftverk ved Selsvatnet/Selselva – økt slukeevne og regulering av Selsvatnet. Ved Storehesten/Kvamshesten, Sunnfjord kommune.



Utsikt frå Storehesten til Selsvatnet og Blegja. Foto: Anne Cecilie Kapstad

Vi viser til høyringa og legg ned eit **tydeleg og ufråvikeleg nei** mot reguleringa ved Selsvatnet. Prosjektet utgjer eit uakseptabelt inngrep i eit nasjonalt ikon og ein internasjonal naturarv. Vår største bekymring knyter seg til den **irreversible skaden** på enno meir urørt natur, inngrep i natur som har mykje å seie for oss og generasjonar føre oss i slekta vår, brot på verneprinsippa for den nyoppretta UNESCO Global Geopark-statusen, og den farlege **politiske argumentasjonen utbygginga kan generere i framtida.**



Storehesten og Lisjehesten, der Selsvatnet ligg bakom Storehesten. Foto: Leif Kapstad

1. UNESCO Global Geopark – Internasjonal forplikting

Storehesten-massivet er ikkje berre eit lokalt landemerke; det er no godkjent som ein del av **Fjordkysten Regional- og Geopark**, som har fått status som **UNESCO Global Geopark**. Denne statusen pålegg Noreg eit internasjonalt ansvar for å verne om og formidle desse unike verdiane.

- **Geologi og Landskap:** Storehesten er ikkje utan grunn vald ut som ei **spesiell naturperle**. Massivet er ruvande i eit elles tilnærma flatt naturområde. Fjellformasjonane og den særeigne geologien som kaledonsk fjellkjede er sjølv grunnlaget for UNESCO-statusen. UNESCO-statusen stadfester at vi har geologi i verdsklasse skriv Fjordkystparken på sine nettsider.
- **Irreversibel Skade:** Å bygge ein **80 meter lang demning** og regulere Selsvatnet er å slå hol på denne juvelen av eit fjellmassiv. Dette strir direkte mot formålet om berekraftig utvikling og vern som følgjer med den internasjonale godkjenninga.



Utsikt frå ryggen av Storehesten mot Lisjehesten. Foto: Anne Cecilie Kapstad

2. Bit-for-bit nedbygging av Urørt Natur

Prosjektet er enno eit bidrag til den **bit-for-bit-nedbygginga av urørt natur** som ein no ser landet vårt. Denne nye planlagde utbygginga er eit farleg steg å ta. Det truar både Storehesten si framtid som kjært friluftslivsområde, men også dyre- og plantelivet i området.

- **Kumulativ effekt:** Eit inngrep i Selsvatnet kan vere opninga til at neste steg vert regulering av Seltuftevatnet og demming av elva i Kvamsskaret, noko som vil øydelegge heile området som lokalt går under namnet «Flate Hesten».
- **Urørt natur er blitt ein knapp ressurs:** Urørt natur er byrja å bli ein **knapp ressurs** i landet vårt. Kvar einaste utbygging, uavhengig av omfang, reduserer denne ressursen permanent. Det er uverdigg å ofre området rundt Storehesten.



Parti frå Selsvatnet. Foto: Anne Cecilie Kapstad

3. Faren for Politisk Presedens og "Disneyfisering"

Den største faren med inngrep i eit slikt ikonisk landemerke som Storehesten er, er ikkje berre den fysiske skaden, men òg **den politiske presedensen** ein opnar for i framtida.

- **Jølster-paradokset:** Vi fryktar at politikarar i framtida vil bruke den føreslåtte "skånsame" utbygginga rett ved Storehesten som argument for å opne for vidare, og langt meir inngripande kommersielle tiltak i framtida. Dette ser vi alt tendensen til i Sunnfjord kommune. I samband med gondolplanane i Jølster har ordføraren med fleire argumentert for at gondolen er akseptabel i randsona og heilt opp til grensa av nasjonalparken, nettopp fordi det ikkje lenger er *urørt* natur der pga. eit skånsamt tilrettelagt kraftverk, som vart planlagt *før* Jostedalsbreen nasjonalpark vart etablert.
- Korleis kan dei same politikarane garantere at dei ikkje i framtida vil seie at denne «skånsame utbygginga» av Selsvatnet gjer det greit i framtida til å bygge ut gondol eller andre liknande Disneyfiserte aktivitetar opp til Storehesten? Å opne døra med ein "skånsam" regulering i dag vil kunne ende opp med politikar-argumentasjon der ein peikar på det tidlegare inngrepet for å legitimere det neste – slik som ein i dag gjer i Jølster. **Eit lite inngrep i dag kan bli den politiske unnskyldninga for eit stort inngrep i morgon.** Dette vil vere ei katastrofe for Storehesten sitt omdømme og som friluftslivsområde.



Utsikt frå egga opp Storehesten og til Lisjehesten. Foto: Anne Cecilie Kapstad

Fjellpartiet frå Kvamshesten og utover mot Blægja har alltid vore eit viktig tur- og rekreasjonsområde for innbyggjarane i Bygstad, Fjaler, Førde og Askvoll. Området er mykje i bruk både sommar og vinter, og har dei siste åra også vorte meir og meir vitja av nye turgåarar i regionen og turistar. Dagsturhytta i Skaret syt føre at mange nye turgåarar og nye generasjonar får oppleve dette fantastiske området der det er lettgått terreng og fine vatn å bade i og raste ved. Fjellvatna har fisk, og terrenget er godt eigna for jakt. Vi som signerer dette innspelet har begge hatt mange timar i fjellområdet her. Leif har vakse opp «under hesten» og har nytta området heile livet som turområde. Storehesten var sjølvskriven som turmål kvar einaste sommar også i min, Anne Cecilie, sin oppvekst. Saman med Lisjehesten, Blægja og områda rundt fjellmassivet er dette område eg også stadig søker attende til. Vi er stolte av området og ynskjer at Storehesten skal få leve vidare som den majestetten den er.

Med bakgrunn i UNESCO-statusen, verna av geologien og den reelle frykta for **politisk presedens** som legitimerer meir nedbygging og kommersialisering, krev vi at NVE avviser søknaden. Det som er naturvenleg og skånsamt, er å la naturen vere som den er. Vi oppmodar NVE til å lytta til motstanden prosjektet har fått, og får.

Med vennleg helsing,

Leif Olav Kapstad (far) og Anne Cecilie Kapstad (dotter)
Begge to stammar frå Bygstad, og busette på Vassenden i Sunnfjord kommune

